

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Øyvind H. Oddekalv	FE - 030, FE - 404	16/2963

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
118/2016	Formannskapet	PS	22.12.2016

Oppstart av prosess - tilsetjing av ny rådmann

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rådmann Ingvild Hjelmtveit har takka ja til stillinga som rådmann i Osterøy kommune. Den formelle tilsetjinga finn stad på ekstraordinært kommunestyremøte onsdag 21. desember 2016. Det meste tyder på at Meland kommune har trong for å rekruttere ny rådmann.

Vurdering

Arbeidsavtalen mellom Hjelmtveit og Meland kommune slår fast at oppseiingstida er 3 månader (jf. HTA § 3). Det ligg til kommunestyret å tilsetje rådmann, men det er viktig at arbeidet med å rekruttere ny rådmann til Meland kommune kjem raskt i gang. Ytterlegare vurderingar blir lagt fram i møtet.

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Konklusjon

Formannskapet må starte prosessen med å rekruttere ny rådmann. Dette gjeld innhenting av tilbod frå rekrutteringsbyrå og nedsetjing av eit arbeidsutval som gjennomfører prosessen. Dei som forhandla løn med rådmannen i juni kan vere politiske medlemmer i arbeidsutvalet. I tillegg skal arbeidstakarorganisasjonane vere representerte med eitt medlem. Eit medlem av kommuneadministrasjonen bør vere sekretær for utvalet.

Framlegg til vedtak:

1. Det blir sendt ut førespurnad om tilbod til rekruttering av ny rådmann.
2. Det blir sett ned eit arbeidsutval som skal gjennomføre prosessen med rekruttering av ny rådmann.
3. Arbeidsutval: Ordførar, varaordførar og eitt medlem av formannskapet («opposisjonen»). I tillegg ein representant for arbeidstakarorganisasjonane. Eit medlem av administrasjonen skal vere sekretær for arbeidsutvalet.
4. Arbeidsutvalet leverer innstilling på ny rådmann.

Formannskapet - 118/2016

FS - behandling:

FS - samrøystes vedtak:

1. Det blir sendt ut førespurnad om tilbod til rekruttering av ny rådmann.
2. Det blir sett ned eit arbeidsutval som skal gjennomføre prosessen med rekruttering av ny rådmann.
3. Arbeidsutval: Ordførar, varaordførar og eitt medlem av formannskapet («opposisjonen»): Silje Ingelin Sæterstøl. I tillegg ein representant for arbeidstakarorganisasjonane. Eit medlem av administrasjonen skal vere sekretær for arbeidsutvalet.
4. Arbeidsutvalet leverer innstilling på ny rådmann.